

Samordna opptak 2021: Talet på søkjarar til engelsk og framandspråk aukar, medan talet på studieplassar søkk

Nasjonalt senter for engelsk og framandspråk i opplæringa - Notat 4/2021

Samordna opptak har publisert søknadstala for studieåret 2021/2022.¹ 154 088 personar søkte høgare utdanning i år, samanlikna med 150 784 i fjor. Dette er ei samla auking på 2,2 % frå 2020.

4620 personar søkte anten framandspråk eller engelsk i år, mot 4227 i fjor. Men det samla talet på studieplassar i engelsk og framandspråk søkk for andre året på rad, frå 2702 til 2609.

Som vanleg tuftar Framandspråksenteret sin statistikk på delen søkjarar som har engelsk eller eit framandspråk som fyrsteval. Talet inkluderer årsstudium, bachelorgradar og lektorutdanningar med framandspråk i fagkrinsen. Mange av studia er ikkje reine språkstudium, men inneheld òg andre fag som til dømes områdestudium, historie, litteraturhistorie og liknande. I tillegg har Framandspråksenteret teke med lærarutdanningar med fordjuping i framandspråk.

Ikkje alle språk er teke med i statistikken. Utvalet er basert på språka med høgst søkjartal over tid. Difor er språk som polsk, swahili, sanskrit, persisk, nederlandsk og fleire ikkje med i statistikken. Dei lokale opptaka, mellom anna til masterstudium er ikkje synlege i Samordna opptak sin statistikk og er heller ikkje teke med. Difor er tala i denne analysen truleg lågare enn dei verkelege tala. Det er ikkje mogleg å seie heilt eksakt kor mange studentar som vel engelsk og framandspråk i Noreg i dag.


Det vi derimot kan sjå, er utviklinga over tid. Framandspråksenteret nyttar dei same utdanningane² i statistikken sin, og når vi ser på dei samla kan vi sjå følgjande utvikling:

- Ein høgare prosentdel av studentane vel engelsk og framandspråk i høgare utdanning i år enn i fjor
- Spansk, fransk og tysk har ein stor nedgang med til saman 312 færre søkjarar
- Engelsk har 377 fleire søkjarar
- Dei andre framandspråka i statistikken er meir eller mindre stabile, medan teiknspråk har ein oppgang frå i fjor
- Talet på studieplassar søkk for andre året på rad

¹ <https://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sokertall-2021/>

² Faga som er lagt til grunn for statistikken finnast sist i notatet


Prosenttalet på søkjarar tilbake utgjer 3 % av dei totale søknadane



Tabell 1

Prosenttalet på søkjarar til engelsk og framandspråk gjeng opp frå rekordlåge 2,8033 % i fjor til 2,998 i år. I fjor var det ei stor auking i søkjarar totalt, medan talet på søkjarar til engelsk og framandspråk gikk ned frå 4835 i fjor til 4227. I år har ikkje det totale talet på søkjarar økt like mykje, og fordi talet på søkjarar til engelsk og framandspråk gjeng opp med 393 til 4620, stig difor òg prosenttalet.


Talet på studieplassar minkar for andre året på rad



Tabell 2

Talet på studieplassar minkar for andre året på rad. Det er ein kombinasjon av færre plassar på nokre fag, og nokre fag som ikkje lengre vert tilbydde. Framandspråksenteret veit ikkje kvifor utviklinga er slik.


Talet på søkjarar til engelsk aukar frå i fjor



Tabell 3

Søkjartala for engelsk har vore fallande i to år på rad, men i år har talet gått opp igjen, og er tilbake på same nivå som i 2016.


Spansk, fransk og tysk har mange færre søkjarar



Tabell 4

Alle dei tre store skulespråka har ein stor nedgang i søkjarar i år. Nedgangen er litt større for spansk, men er òg stor i dei to andre språka. Medan spansk og tysk er mykje større enn fransk i skulen er fransk meir populært enn tysk i høgare utdanning.

Fortsett framgang for italiensk og samisk



Tabell 5

Italiensk og samisk aukar i søkjartal for tredje og fjerde året på rad, medan klassiske fag og språk har ein fortsett nedgang.


Auking i søkjarar til teiknspråk



Tabell 6

Teiknspråk og teiknspråk og tolking har fleire søkjarar i år enn i fjor og er eit av dei aller største språkfaga i høgare utdanning. Teiknspråk vert rekna som eit framandspråk i grunnutdanninga.

Små forandringar i søkjartal for dei ikkje-europeiske språka



Tabell 7

Det har nesten ikkje vore endring i søkjartala for dei fire største ikkje-europeiske språka på to år. I fjor kalla Framandspråksenteret utviklinga for merkeleg, men gledeleg. I år kan tala kan hende sjåast på som meir normale. Disse fire språka har ei stabil gruppe med søkjarar, men aukinga i interesse som vi så for nokre år sidan, har ikkje heldt fram.

Øystein N. Øksenvåg

Rådgjevar for austasiatiske språk og språkval
Framandspråksenteret
Halden, april 2021

Alle tala under er henta frå Samordna opptak:

Lærestad	Studium	Studieplassar	Søkjjarar
Engelsk			
Universitetet i Oslo	Engelsk, årsstudium		60 210
Universitetet i Agder	Lektorutdanning med engelsk i første studieår		12 18
Høgskolen i Sørøst-Norge	Engelsk, Horten		20 42
Universitetet i Oslo	Lektorprogrammet, engelsk		40 75
Universitetet i Bergen	Engelsk, årsstudium		24 82
Oslo Met	Grunnskolelærerutdanning 5.-10. trinn - engelsk		60 82
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Lektorutdanning språkfag/engelsk for trinn 8-13		55 95
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Engelsk, årsstudium		35 87
Universitetet i Stavanger	Engelsk		40 69
Universitetet i Agder	Översetting og interkulturell komm., engelsk		xx xx
Universitetet i Oslo	Engelsk, bachelor		103 143
Høgskulen på Vestlandet	Grunnskolelærer 5.-10. trinn, engelsk		30 48
Universitetet i Stavanger	Engelsk språk og litteratur		20 38
Høgskulen i Volda	Engelsk		25 28
Høgskolen i Østfold	Engelsk		50 291
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Europastudier med fremmedspråk, engelsk		21 19
Høgskolen i Innlandet, studier i Hedmark	Engelsk		30 34
Nord universitet	Engelsk, Bodø, årsstudium		20 16
Universitetet i Agder	Engelsk, årsstudium		45 77
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Engelsk, bachelor		45 58
Nord universitet	Engelsk, Levanger, årsstudium		20 17
Universitetet i Bergen	Engelsk, bachelor		65 67
Nord universitet	Engelsk, Bodø, bachelor		20 10
Høgskulen på Vestlandet	Engelsk, Sogndal		30 19
UiT Norges arktiske universitet	Engelsk, årsstudium		60 26
UiT Norges arktiske universitet	Engelsk, bachelor		20 12
Høgskulen på Vestlandet	Engelsk, Stord		xx xx
Universitetet i Agder	Engelsk, bachelor		40 55
Universitetet i Bergen	Lektorutdanning i engelsk		24 41
Høgskulen på Vestlandet	Grunnskolelærer 1.-7. trinn, engelsk		34 51
Høgskolen i Sørøst-Norge	Engelsk, Bø, deltid		100 223
Høgskolen i Sørøst-Norge	Engelsk, Bø		25 18
Høgskolen i Sørøst-Norge	Engelsk, Horten		20 42
Nord universitet	Engelsk, Levanger, årsstudium		20 17
Høgskulen på Vestlandet	Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, engelsk, Sogndal		Xx xx
Høgskulen på Vestlandet	Grunnskolelærer, 5.-10. trinn, engelsk, Sogndal		xx Xx

Tysk

Høgskolen i Østfold	Tysk	40	62
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Lektorutdanning språkfag/tysk for trinn 8-13	10	4
Universitetet i Bergen	Tysk, årsstudium	8	13
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Tysk, bachelor	7	6
Universitetet i Oslo	Tysk, årsstudium	40	64
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Tysk, årsstudium	25	27
Universitetet i Oslo	Tysk, bachelor	16	17
Universitetet i Bergen	Tysk, bachelor	10	11
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Europastudier med fremmedspråk, tysk	5	5
Universitetet i Agder	Tysk	25	10
Universitetet i Bergen	Lektorutdanning i tysk	4	2

Uspesifikke lektorprogram

Universitetet i Oslo	Lektorprogrammet, fremmedspråk	25	26
Universitetet i Agder	Lektor, 8-13 trinn,m/fremmedspr. i første studieår	10	7
Høgskolen i Innlandet	Lektor, 8.-13. trinn, språkfag	30	29

Fransk

Universitetet i Oslo	Fransk, årsstudium	45	95
Universitetet i Bergen	Fransk, årsstudium	8	24
Høgskolen i Østfold	Fransk	40	85
Universitetet i Bergen	Fransk, bachelor	10	14
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Fransk, årsstudium	25	34
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Fransk med fagdidaktikk	25	44
Universitetet i Oslo	Fransk, bachelor	35	38
Universitetet i Agder	Fransk	25	9
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Europastudier med fremmedspråk, fransk	5	4
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Fransk, bachelor	7	9
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Lektorutdanning språkfag/fransk for trinn 8-13	10	9
Universitetet i Bergen	Lektorutdanning i fransk	4	3

Spansk

Høgskolen i Østfold	Spansk	40	111
Universitetet i Oslo	Spansk, årsstudium	47	89
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Spansk, bachelor	10	15
Universitetet i Oslo	Spansk, bachelor	33	38
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Spansk, årsstudium	30	61

Universitetet i Bergen	Spansk språk og latinamerikastudier, årsstudium	10 29
Universitetet i Agder	Spansk	35 23
Universitetet i Bergen	Spansk språk og latinamerikastudier, bachelor	30 20
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Europastudier med fremmedspråk, spansk	8 7
Universitetet i Sørøst-Norge	Spansk	40 92
Universitetet i Tromsø	Spansk og latinamerikanske studier	10 6
Universitetet i Bergen	Lektor 8.-13 trinn, spansk	10 16

Andre språk

Høgskolen i Østfold	Språk (engelsk/fransk/spansk/tysk) ³	30 57
Oslo Met	Tegnspråk	35 17 2
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Tegnspråk ⁴	25 26
Oslo Met	Tegnspråk og tolking	20 63
Høgskulen på Vestlandet	Tegnspråk og tolking	24 40
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Tegnspråk og tolking ⁵	20 13 0
Universitetet i Bergen	Russisk	15 22
Universitetet i Oslo	Russisk	40 65
Universitetet i Tromsø	Russisk	10 15
Universitetet i Oslo	Italiensk, bachelor	15 28
Universitetet i Oslo	Italiensk, årsstudium	25 95
Universitetet i Bergen	Italiensk	10 11
Universitetet i Oslo	Portugisisk	xx xx
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Antikkens kultur og klassiske fag	10 13
Universitetet i Oslo	Antikkens kultur	14 38
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Latin	10 9
Universitetet i Oslo	Klassiske språk	13 17
Universitetet i Oslo	Japansk med Japan-studier	50 14 1
Universitetet i Bergen	Japansk	30 76
Universitetet i Oslo	Kinesisk med Kina-studier	57 78
Universitetet i Bergen	Kinesisk	20 41
Universitetet i Oslo	Midtøsten-studier med arabisk	57 16 6
Universitetet i Bergen	Arabisk	15 37
Universitetet i Tromsø	Nordsamisk som fremmedspråk	xx xx
Universitetet i Tromsø	Nordsamisk som morsmål	5 4
Sami Allaskuvla	Samisk språk og litteratur	15 7
Sami Allaskuvla	Grunnskolelærer 1.-7. trinn, samisk	12 2
Sami Allaskuvla	Grunnskolelærer 5.-10.trinn, samisk	12 7
Sami Allaskuvla	Samisk barnehagelærerutdanning	xx xx
Universitetet i Nord	Grunnskolelærer 1.-7. trinn, sørsamisk	10 2
Universitetet i Nord	Grunnskolelærer 1.-7. trinn, lulesamisk	Xx Xx
Nord universitet	Barnehagelærer, arbeidsplassert, samisk profil	30 47

Tala under er henta frå Samordna opptak og Framandspråksenteret sine tidlegare notat om språkval.
Sjå <https://www.hiof.no/fss/sprakvalg/> for fleire notat

³ Nytt i 2021

⁴ Kalles «Norsk tegnspråk» fra 2021

⁵ Kalles «Tegnspråk» fra 2021

Søkjarar/plassar	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Engelsk	2110/1213	2157/1169	2119/1174	2453/1227	2370/1174	2143/1134	1908/1095
Tysk	221/190	307/236	288/236	353/229	306/231	284/193	192/182
Fransk	368/239	434/284	380/279	355/267	374/271	328/205	281/205
Spansk	507/303	667/368	587/373	553/353	534/340	587/350	529/293
Lektorprogram med framandspråk	62/65	84/65	102/65	94/65	50/25	126/67 ⁶	192/107
Samisk	69/84		42/74	34/20	17/30	43/32	12/40
Teiknspråk	431/124	350/124	475/135	345/124	326/119	315/119	231/141
Russisk	102/65	97/60	99/60	140/100	192/90	169/103	134/108
Italiensk	134/50	130/60	109/55	90/55	94/57	111/53	97/55
Portugisisk	Xx	xx	xx	Xx	11/15	16/15	42/23
Antikk, kultur og klassiske språk (gresk, latin)	77/47	85/47	80/47	72/47	72/47	47/32	39/40
Japansk	217/80	235/80	232/80	241/90	234/85	204/98	223/100
Kinesisk	119/77	121/80	126/80	187/80	128/80	59/60 ⁷	106/80
Arabisk	203/72	191/75	196/80	195/75	197/75	183/65	147/60
Studieplassar	2609	2702	2738	2657	2635	2526	2529
Søkjarar totalt	154 088	150 784	138 732	142 004	135 587	132 021	127 929
Søkjarar til framandspråk	4620	4227	4835	4897	4905	4615	4270
Prosentdel som søkjer framandspråk	2,9983 %	2,8033 %	3,4851 %	3,4485 %	3,6176 %	3,4956%	3,3378%

Søkjarar/plassar	2014	2013	2012	2011	2010
Engelsk	1781/1112	1739/1013	1742	1622	1481
Tysk	234/172	224/155	204	191	145
Fransk	300/193	315/182	340	310	267
Spansk	466/259	420/256	441	505	452
Lektorprogram med framandspråk	206/107	172/83	⁸		
Samisk	45/34	21/44	10/12		
Teiknspråk	265/119	241/126	289/106		
Russisk	121/88	97/95	114/73		
Italiensk	106/48	48/40	50/40		
Portugisisk	62/23	27/15	34/15		
Antikk, kultur og klassiske språk (gresk, latin)	59/68	81/60	62/57		
Japansk	209/85	194/85	193/90		
Kinesisk	89/60	144/80	121/50	124/50	
Arabisk	135/58	147/60	129/60		
Studieplassar	2426	2294			
Søkjarar totalt	119 900	117 200	115 800		
Søkjarar til framandspråk	4078	3870	3667		
Prosentdel som søkjer framandspråk	3,4012%	3,3020%	3,1666%		

⁸ Lektorutdanninga er her inkludert i språka